



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonsernten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustrilag.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2007

Vedteke på årsmøtet 8.4.2008

ÅRSMØTET I 2007

Årsmøtet vart halde hjå Tysse Mek Verksted AS
28.3.07.

MEDLEMSMØTE

Den 23.8.07 hadde me medlemsmøte hjå **Gunnebo Anja Industrier AS**. Me fekk omvising på fabrikk og fekk orientering om deira arealsituasjon. **Kommunalsjefane Kjell Brun og Martin Kulild** oreinterte om arbeidet med **kommuneplanen**. Me drøfta framlegg til innspel til kommuneplanen. Me gjekk også gjennom andre aktuelle saker som arbeidet for ny veg **Hauge - Lonevåg**, **Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM**, og planar om **tur til Tyskland**.

Den 13.3.08 hadde me medlemsmøte etter initiativ frå og i samarbeid med **Osterøy Mållag**. Tama var: **Korleis brukar me vår lokale eigenart i sal og marknadsføring?**. **Konsernsjef i Lerum Saftfabrikk, Jan Petter Vadheim**, og **grundar for den økologiske iskremen "Isrosa", Øystein Skjeveland**, snakka om deira erfaringar.

TEMAMØTE

Me hadde eit svært vellukka temamøte 27.6.07 på Lonevåg Beslagfabrikk AS der Asle Nilssen og Lars Magne Bysheim i Tysse Mek Verksted AS orienterte om deira arbeid med ei **personalhandbok**. Deltakarane deltok aktivt med innspel og spørsmål. Det møtte 13 personar frå 8 verksemder. Det var interesse for oppfølging av temaet.

STUDIETUR TIL THÜRINGEN I TYSKLAND

5. -10.2.2008 hadde me ein svært vellukka tur til Tyskland. Me var **15 deltakarar** frå 9 ulike verksemder inkludert ein representant for NAV Osterøy.

Me vitja ein hypermoderne **samanstillingsfabrikk i Dresden for VW** sin prestisjemodell Phaeton.

Me hadde **Erfurt** som base. Eine dagen vitja me **Firmenausbildungsverbund Wartburgregion** i Eisenach og deira CNC-undervisningssenter. Me tek sikte på å halde på kontakten. Me vitja og borgen Wartburg.

Me var på **mottaking hjå viseborgar-meisteren** i Erfurt og me vitja bedrifta **Melexis** som lagar mikroelektronikk for bilindustri og anna industri. Laurdagen vart nytta til å oppleve Erfurt og for nokre nabobyen Weimar.

Søndagen reiste me med tog tilbake til Berlin og fekk nokre timar for oppleving der.

STYREMØTE

Styret har hatt 2 møte (23.8.07 og 23.1.08) og har handsama 9 saker.

Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestleiar.

STORE RESULTAT

Det har i arbeidsåret 2007 vore vesentlege "gjennombrot" i saker som Industrilaget har arbeidd aktivt for.

Bompengesøknaden for **ny riksveg mellom Hauge og Lonevåg** gjekk gjennom i Stortinget like før jul og vinteren 2008 ser planleggingsarbeidet ut til å vere godt i gang. Dette er eit prosjekt som laget har arbeidd for i

mange år. Sjølv om me kan ha meiningar om bompengar eller ikkje, er det ikkje mange prosjekt i dag som oppnår så høg del av investeringskostnaden gjennom statleg løyving som 49%.

Formannen har ved fleire høve fått sjansen til å samtale med **samferdsleminister Liv Signe Navarsete** og har etablert god kontakt med både ho og statssekretær Tungesvik.

Autopass vart endeleg teke i bruk på Osterøybrua sommaren 2007. Passasjeravgifta er dermed fjerna og satsane for dei tyngste køyretøya vart vesentleg redusert. Vinteren 2008 gjekk brustyret ut med at Autopass-satsane førte til for låge inntekter. Dette vart i pressa framstilt som at prisane måtte setjast vesentleg opp. Dette skapte noko støy og negativt fokus på prosjektet Hauge - Lonevåg.

Osterøy kommune lukkast i å få tilgang til statleg tilskott til vidare **breibandutbygging**. Saman med Nordhordlandsregionen er det innhenta tilbod som vil verte avklarte våren 08. Nokre bedrifter vil då truleg kunne få fibertilgang og andre eit betre tilbod basert på kopar og/eller trådlaust samband.

I januar 08 vitja **samferdslestatsråden** Osterøy kommune for å drøfte braibandutbygging. Her var formannen invitert til å delta ved eit arbeidsmøte.

Kompensasjonsstyret har utvida ramma for midlar til **ytterlegare utbetringar på rv 567 mellom Bysheim og Fotlandsvåg** frå 1 mill kr til 1,5 mill kr. Bakgrunnen er at Statens vegvesen vart invitert til eit spleiselag der me fekk til ei 50/50%-deling. Og no har Statens vegvesen klart å finne fram 1,5 mill kr.

Osterøy Utbygging AS (eigd av Osterøy kommune) har starta reguleringsarbeid for **Oddalsmyra Næringspark** på ca 60 da i Hannisdalen. Fleire medlemmer har vore interesserte i areal og har vore utolmodige m.o.t. framdrifta. Våren 08 ser det ut til at arealet skal kunne komme til nytte for lokale bedrifter.

Osterøy kommune har starta arbeid for å få til eit **større næringsområde på Epevoll**. Osterøy Industrilag er positiv til dette arbeidet.

Mange av medlemsbedriftene går godt.

UTAN RESULTAT

Arnatunnelen er omtalt i byråkratiet sitt framlegg til nasjonal transportplan på nyåret 2008. Prosjektet er på ei lang "ørkenvandring" i plansamanhang. Bergen Næringsråd og samarbeidande næringsforeiningar følgjer opp saka, m.a. med uttale tidleg i mars 08 til "konseptvalutgreiing".

Lokale næringsaktørar har lenge stått klare til å tilretteleggje areal i **Settlia** på Hauge. Området vart teke ut av kommuneplanen i samband med utarbeidinga av kommunedelplan for Hauge. Industrilaget har arbeidd for å få området inn att, først i kommunedelplanen og no kommuneplanen, men dette arbeidet trekkjer stadig ut i tid.

I **Bergen kommune** er det så godt som inga tilbod på **næringsareal**. Denne situasjonen er diverre Osterøy no ikkje i posisjon til å kunne utnytte.

INDUSTRIKONSULENT-VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett. Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutvikling og mottok 217.000 kr for dette i 2007. I 2007 fekk Osterfjord Næringsamarbeid også til rådvelde via fylkeskommunen 517.000 kr til regionalt næringsfond. Industrikonsulenten har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsamarbeid 2005-2008.

ANDRE SAKER

Komite for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule, der Industrilaget deltek aktivt, er godt i gang med eit prosjekt for etablering av «**Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM**». Ved skulestart 07 var det innkjøpt ein heilt ny robot i tillegg til 3 CNC-maskiner som er skaffa tidlegare. Fleire av våre medlemsbedrifter stiller praksisplassar til

disposisjon som ein viktig del av undervisninga. Nærare informasjon er tilgjengeleg på Industrikonulenten sin heimeside og på www.rup.no, søk «avansert maskinering».

Me arbeider for å finne meir fornuftig bruk av **tunnelmassane** frå den nye vegen Hauge - Lonevåg enn deponering i Haugedalen. Kommunen har ikkje vore på offensiven i saka.

Språkopplæring for polakkar har vore drøfta. Hå medlemsbedriftene er det tilsett minst 40 polakkar. Styret har gått inn for å kartlegge interessa mellom medlemmene for utfyllande språkopplæring, gjerne for fleire nasjonalitetar. Bruk av Osterøy Utvikling-midlar kan vurderast. Me sjekkar og moglegheiter gjennom NAV.

Formannen og sekretæren har delteke ved fleire møte med sikte på å danne "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Styret er positiv til dette initiativet. Formell skiping vil skje 9.4.08.

Me arbeider for oppfølging av moglegheitene som ligg i **samarbeidsavtalen** som er inngått mellom **Osterfjordregionen** og **Høgskulen i Bergen**.

Industrilaget har gruppeavtale med **Ventelo for mobiltelefon- og fasttelefonester**. Nye tilbod skal innhentast til sommaren 2008.

Heimesidene: www.osteroyindustrilag.no, har framleis eit enkelt design. Me har no i tillegg til "Industrikartet" også laga til eit elektronisk **Google-kart** der medlemmene er avmerkte.

Me har i meldeperioden hatt eit aktivt samspel med **lokalpressa** og mange av våre saker har hatt god dekning.

E-post er ein av dei viktigaste kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 20 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd**.

Osterøy kommune har meld seg inn som fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i nystarta **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Nye medlemmer: System Trafikk AS, Bergan Bygg AS og Virkestransport Vest AS.

Utmelde: Tide Buss AS, Indre Nordhordland Dampbåtlag AS og Hordaland Miljørens AS

Industrilaget har **38 medlemsverksemder** med ca **870 tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Lars Magne Bysheim (på val)
Eimund Øvsthus (på val)
Tor Georg Hella (på val)
Kjell Lerøy
Arne Hansen

Varamedlemmer:

Ivar Solberg (på val)
Johan Solberg (på val)
Monica Solberg (på val)

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø (på val)

Styringsutvalet for Industrikonulenten:

Lars Magne Bysheim, formann
(Formannen i Industrilagsstyret er formann her)
Svein A Skulstad
Willy Helgesen (på val)
Kari Foseid Aakre
Varafolk: Jostein Jacobsen
(for Svein A Skulstad)
Jorunn Jacobsen
(for Willy Helgesen) (på val)

Revisor: Norodd Helle (på val)